

KORT MELDING OM FOREDLINGSARBEIDET MED TIMOTEI VED DET NORSKE MYRSELSKAPS FORSØKSGARD PÅ MÆRESMYRA — FRÅ 1914 TIL 1954.

Av myrkonsulent Aksei Hovd.

Det er ei førebels melding dette, som etter oppmoding vert prenta i «Meddelelser».

Ein skal her nemne litt om grunnlaget for — og framgangsmåten som er nytta i foredlingsarbeidet med timotei på Mæresmyra. Noko vidare om utfallet av dette arbeidet, når det gjeld viktige eigenskaper som avlingsstorleik (høyavling), samt hardfør- og varigheit, tek ein ikkje med her anna enn reint summarisk.

Alt i 1914 tok Lende-Njåa ut 20 morplanter (typer av einskildplanter) her på forsøkgarden. Dei vart utplanta ved ein kanal på nydyrka myr (jord) og stod der i isolasjon (reservat) i havre- og byggåker 1915—18, og frø vart teki kvart år og utsådd rekkevis i same nummerorden som morplantene på same feltet — både i 1916 og 1917. Noko nærmare utgreiding om dei ymse morplanter (liner) finst diverre ikkje.

I 1919 vart 10 timoteiliner utvalde og frø av 2. generasjon utsådd rekkevis på eit større felt med 60 cm avstand. På dette feltet stod timoteilinjene (1 til 10) i fleire år til observasjon. Det syntte seg at line 3 var den mest frodige og bladrike, men heldt seg likevel bra oppe. Frå denne vart det i 1926—27 teki ut 30 morplanter (einskildplanter) og omplanta i reservat (isolasjon i byggåker), og omplanta på ny i reservat i 1930 og i 1934. Frø av desse linene (morplantene) vart hausta og teki vare på i dei gode frøåra 1927, 1930 og 1934. Men først i 1937 vart dette frøet nytta vidare i foredlingsarbeidet.

Frø frå dei ymse einskildplanter (liner) vart sådd i benk våren 1937 og ei større utplanting vart gjort, 36 planter av kvar line — i alt 1080 planter med 60 × 60 cm avstand. Det same — og på same måte — vart gjort i 1938 med frø frå same opphav, i alt 2160 planter.

Ut frå dette grunnlaget er det så arbeidd vidare utetter åra. Vi har gjort utval fleire gonger (år) av planter som tédde seg frodige, bladrike og var sterke (stive) i strået — soleis masseutval av gode planter (typer) som støva seg saman. Vi har søkt å hindra framand støving ved å slå ned enga kring plantefelta før timoteien blomstra, og hesjer er sette slik mot felta at dei i nokon mon skulle hindra framand støving. Alle mindreverdige timoteiplanter (soleis etter utsjånad) innan plantefelta vart og slegi ned før blomstringa. Men ein er merksam på at noko heilt fullgod isolering vert ikkje dette. Difor vart det i 1943—44 teki ut 400 planter frå dei ovannemnte plantefelta (frå 1937—38) og sett i reservat ca. 200 m frå anna timoteieng — med eit større beitefelt og ein del lauvskog i millom,

Av dei utvalde planter som stod att på plantefelta vart det i fleire år (1937—43) hausta frø som vart nytta i forsøk samanlikna med andre stammer av timotei, soleis med dei nord-norske Holt-Engmo, Holt-Vasa og Vågønes (Bodin), dessutan med svensk (vanleg) og Weibulls-kjempe og vanleg amerikansk timotei (bruks- eller handelsfrø).

I åra 1938—44 vart det lagt 5 slike forsøk på Mæresmyra. Her vart frøet frå plantefelta slegi saman i grupper (typer) av planter som såg noko eins ut og tédde seg eins under veksten. Soleis skilde vi ut sers frodige og bladrike (storvaksne) typer og vanlege mindre, frodige typer. Dessutan prøvde vi å skilja ut tidlege og seine typer — i skjoting og blomstring. Frå slikt utval var «Mæresmyra-tidleg» og «Mæresmyra-sein», som i 1946 vart sendt til Vågønes og Holt til samanlikning i forsøk. Men slike utvalde typer (tidlege og seine) er ikkje haldi ved lag serskild i dei seinare år, men vart slegi saman ved anlegg av nytt plantefelt i 1951. Både her på Mæresmyra og i Nord-Noreg var det liten skilnad på dei 2 typene i vekst og utvikling (skjoting og blomstring) i dei vanlege forsøka. Det er å merka at det som før nemnt var grupper av nærståande planter (liner) dette.

Når det gjeld utfallet av desse forsøka på Mæresmyra, så er det stutt å seia at dei vel har vori noko skiftande dei ymse år. Men det har likevel synt seg at dei utvalde, frodige, kraftige og bladrike typer har merka seg ut i vekst og utvikling — meir blad og serleg større og jamnare topp (lenger og kraftigare aks). Noko betre avling har det og vori i fleire forsøk, og etter ei førebels utrekning ser det ut til at skilnaden i høavyling (10—12 % meir enn vanleg timotei, bruksfrø her frå Mæresmyra) skulle vera bra sikker. Det er elles påtakeleg at timotei av eigen avl har haldi seg betre, ganske rein i enga opptil 5—7 år, medan svensk, og serleg amerikansk timotei har vori meir blanda med andre planter, serleg markkrapp (*Poa trivialis*) og dessutan litt ugras som matsyre (*Rumex acetosa*). Svensk timotei og serleg amerikansk, står soleis noko attende i avling samanlikna med vår eigen stamme — allvist så i 1. slått. Dei nordnorske stammer held seg vel oppe i avling i 1. slått, men har liten attvekst og står mykje attende i 2. slått og har soleis noko mindre samla avling. Dette gjeld alle åra — anten véret er varmt, drivande og etter måten tørt, eller det er godt med væte og mindre drivande vér. Det har soleis ikkje noko med tørke å gjera, noko som ein er lite utsett for på velmolda grasmyr der vætetilhøva er gode. Det same har og vist seg i forsøk med timoteistammer andre stader i Sør-Noreg.

Forsøka i Nord-Noreg 1947—51 synes å visa at timoteien frå Mæresmyra tevlar ganske vel med dei nord-norske stammer. På Holt står Engmo (Salangen) litt over Mære, og på Vågønes står Bodin betre, men skilnaden i høavyling er ikkje sikker. Finsk timotei og Finsk-Vågønes står jamt med Mære i avling og mykje attende står

aust-norsk Grindstad stamme. Prosent timotei eller framande planter i enga skiftar heller lite for Mære og dei nord-norske stammer. I 4. år eng på Vågønes er prosent timotei i enga noko låg for Mære, men han held seg vel i 5. engår — og kjem i medel ganske på høggd med dei nord-norske stammer. Eit atterhald må ein likevel ta her. Kor hard påfreistnad enga (timoteien) har vori utsett for i overvintringa desse åra (1947—51) kan ein ikkje seia noko om. Aust-norsk timotei (Grindstad) har i kvart fall ikkje vori hardfør nok, men har 60—70 % framande planter i 2.—4. engår på Holt.

I 1944 vart det og sendt frø (av 2. generasjon frå plantefeita 1937 og 1938) avla på eit serskild frøfelt (139, som vart lagt i 1941) til Sverikes Utsädesförening, Västernorrlandsfilialen Undrom. Vi har teki imot utdrag frå forsøk i 3 år på Undrom, og i 2 år på «substasjonen» Stenfors (Västerbotten). Mærestammen er her samanlikna med Bottniatimotei, og eit utval av denne Bottnia I, samt Gloria 5, frøavla på Undrom i fleire år. Resultatet ser sers bra ut for Mære og «föreståndaren» konkluderer med:

«Så vitt jag kunnat finna genom försöksodlingarna här, är Ni sälunda at gratulera till en härdig och avkastningsrik stam.»

Men her er det å merka at utfallet er sett opp som gras og gir soleis ikkje fullgod samanlikning av høyavlinga. Forsøka er utført i åra 1945—48 og heller ikkje her kan ein seia noko om kor strenge krava til herdigskap har vori i desse åra.

Det kan vera nok dette som eit førebels, summarisk oversyn. Nokon avgjerande konklusjon av dette arbeidet var det ikkje meininga å dra enno. Vi får vente med det til betre og sikrare døming av plantematerialet (klonefelt) og utfallet av fleire avlingsforsøk ligg føre.

I 1946 og 1948 vart det lagt 2 felter til samanlikning av timoteistammer her på Mæresmyra. Soleis frø frå utvalde planter i reservat (1943—44). Også her vart alle planter som tédde seg mindreverdige på eit eller anna vis, slegi ned før blomstringa. Her vart det og samanlikna med frø frå vanleg eng (bruksfrø) på forsøkgarden, og dessutan med timoteistammer frå Canada, soleis Nord-Alberta (1854), Saskatchewan (2131), Ontario (2146) og Manitoba (2173). Feltet vart lagt i 1948. Desse felta vart halde ved lag til 1950 og 1953 og er ikkje ført vidare i arbeidet enno.

Resultat frå alle desse felta vil bli sendt ut med det første. Vi har hittil vori noko tvilande med omsyn til å gjera utfallet av dette arbeidet — og desse forsøka offentleg, og dermed har diverre også anna materiale frå forsøka med timoteistammer vorti liggande noko lenge. Det er å vona at meir fullnøyande resultat kan koma i nær framtid.

Vi har lagt mykje vekt på snarast råd er å få til samanliknande avkastningsforsøk med frø frå utvalde planter. Det kan då knipe noko med granskinga av materialet gjennom oppdeling i kloner av

dei utvalde planter. Vi har hittil sakna hjelp til dette viktige og krevande arbeidet.

I 1951 vart det tilplanta eit nytt felt med 2040 planter etter frø frå 34 utvalde einskildplanter frå reservatet — teki i åra 1945—50. Dette plantefeltet er seinare søkt haldi ved lag, men det har sine vanskar her — der ugras, serleg vassarv (*Stellaria media*) og dessutan «naturleg» gras — rapp og kvein (*Poa* og *Agrostis*) er mykje pågåande.

Etter utplantinga i 1951 var det eit slemt åtak av kjølmark og ein god del planter gjekk ut. Det vart då etterplanta våren 1952 med planter av same opphav (frø).

Vinteren og våren 1953 var det noko påkjenning av «isbrand» eller rettare «vassrøyt» på feltet, og det gjekk ut noko av materialet. Seinare er ikkje plantinga komplettert. I 1953 vart det så hausta frø av alle planter som stod att på feltet (slegi saman). Vi har altså på det viset søkt å auka herdigskapen i plantematerialet. Av dette frøet har vi 17—18 kg att.

I 1954 valde vi påny ut dei frodige og bladrike reine planter på feltet — i alt 140 — og vi skal no i sumar (1955) tilplante nytt felt (etter sånad av 30 utvalde planter i benk) av nokonlunde same storleik som i 1951, ca. 2 dekar (planteavstand 80×80 cm). Noko nytt frøavlsfelt vart diverre ikkje lagt i år, men vi har altså nok frø til slikt felt (2—3 dekar) neste år. Vi reknar soleis med å kunne skaffe frø av utvald materiale (stamme) til forsøk dei næraste åra framover.

Vi har no i vår sendt ut frø til forsøk, frå plantefelt 1953, og av vanleg timotei (bruksfrø) frå forsøkgarden her, altså 2 frøprøver, til dei fleste av Statens forsøkgardar i plantekultur, og dessutan til beiteforsøkgarden Apelsvoll og til stamsedgarden Vidarshov.

Her ved forsøkgarden på Mæresmyra har det vori avla frø av timotei alle år sidan arbeidet kom skikkeleg i gang i åra 1910—14, og etter ein hadde nokonlunde velskikka jord (bra molda myr) for slik frøavl. Ein kan soleis med god grunn seia at vi har ein lokal timoteistamme som er vel tilpassa for veksevilkåra her på staden.

Dermed er dette oversynet frå foredlingsarbeidet med timotei her på Mæresmyra ført fram til dags dato og ein har ikkje meir å melda førebels. Visse merknader kan ein nok gjera, m. a. at arbeidet har vori noko tilfeldig og ikkje så planfast som ynskjeleg kunne vera. Vidare har ein arbeidd med for lite plantemateriale (for få planter frå starten), men dette har vori naudsynt av omsyn til at vi her ved forsøkgarden har for lite arbeidshjelp, serleg til å ta opp så krevande arbeidsoppgåvor som planteforedling.

Høve til isolasjon av utvalde planter mot framand støving har det nok vori så som så med. Men reservatet (400 m²) som vart tilplanta i 1943—44 har truleg i nokon mon — om ikkje heilt — fylt kravet til bra isolasjon. Etter danske granskingsutfall (Jensen og Bøgh: Tidsskrift for planteavl, bind 46, 1941) viste det seg at ein

med 200 m fri avstand av samla mengd pollen (blomsterstøv) ved kanten av feltet (reservatet) hadde berre 25 % framant pollen. Truleg har ein her hatt noko betre isolasjon der god skjerm av lauvskog skilde, og reservatet ligg lagleg i høve til vindretninga i blomstrings-tida. Reservatet burde difor utvidast og takast i bruk att under det vidare foredlingsarbeid.

Vi har i alle desse åra freista å ta vare på dei beste (betre) liner (typer) av og frå dei morplanter av timotei som Lende-Njåa tok ut i 1914. Om det har lukkast for oss — og om ein dermed har vunni noko — får framtida avgjera.

FRA MYR- OG TORVKONFERANSEN I DUBLIN 1954.

Av direktør Aasulv Løddesøl.

Vi har tidligere her i tidsskriftet ¹⁾ kort omtalt at det i fjor sommer ble avholdt en internasjonal myr- og torvkonferanse (International Peat Symposium) i Dublin. Det var den irske stats myr- og torvselskap «Bord na Mona» der sto som innbyder til konferansen, hvori deltok ca. 200 myr- og torvspesialister fra en hel rekke land. Grunnstammen for konferansen utgjør den såkalte «Peat Contact Group» som ble dannet under Verdenskraftkonferansen i London i 1950 ²⁾. Gruppen er senere blitt utvidet med flere medlemmer enn de som deltok i Londonmøtet. Det vil gi et lite inntrykk av hvor vidt konferansen favnet når det nevnes at deltakerne kom fra så forskjellige himmelstrøk som Island og Italia, Canada og Malaia. Naturlig nok dominerte europeerne i antall, spesielt var Tyskland tallrikt representert med mellom 30 og 40 deltakere. Av de nordiske land hadde særlig Finland sendt en mannsterk delegasjon på 10 representanter, Sverige hadde 8, Danmark 3 og Island og Norge hver en representant.

Til konferansen, som ble holdt i College of Science i Dublin, var det på forhånd anmeldt i alt 66 foredrag eller rapporter, fordelt på 6 forskjellige seksjoner. Alle rapporter er avfattet på engelsk og forelå i fortrykk, og var på forhånd sendt de anmeldte deltakere. Rapportene er samlet i et stort bind på vel 800 trykksider under titelen: «Papers presented at the International Peat Symposium in Dublin 12th—17th July, 1954». Referat fra møtene foreligger nå komplett og omfatter nærmere 200 stensilerte foliosider («Proceedings of the Discussions at the International Peat Symposium», Dublin 1954).

1) Jfr. Medd. fra Det norske myrselskap, hefte nr. 3, 1954.

2) Jfr. Medd. fra Det norske myrselskap, hefte nr. 2, 1953.